



Arkivnr: 2016/8534-114  
Saksbehandlar: Gerd Eva Napsøy

**Delegert saksframlegg**

**Fylkesdirektør samferdsel etter fullmakt**

**TILDELING AV LEDIGE DROSJELØYVE I BERGEN KØYREOMRÅDE JANUAR 2017**

**Samandrag**

Ved denne tildelinga er det 4 ledige drosjeløyve. I fylgje regelverket skal løyve tildelast den som har lengst ansiennitet. Tildelinga av drosjeløyve 23.01.2017 vert gjort på bakgrunn av ansiennitetsvedtak av 14.09.2016.

Tildelinga skjer i samsvar med yrkestransportforskrifta §§ 43-44.

**Dei som er tildelt drosjeløyve i fylkesdirektøren sitt vedtak 23.01.2017 må vende seg til ein av sentralane i Bergen køyreområde for å inngå formidlingsavtale. Det er for tida ingen ledige plassar i Bergen Taxi.**

I følgje gjeldane regelverk må søkjar til drosjeløyve dokumentera at dei har god vandel, tilfredstillande økonomisk evne og faglege kvalifikasjonar før drosjeløyve kan tildelast. Desse må oppfyllast før ansiennitetsprinsippet vert lagt til grunn for tildelinga. Dei aktuelle søkjarane for tildeling av løyve har fått melding om at dei må levera inn dokumentasjon i samsvar med gjeldane regelverk.

Etter å ha vurdert saka i samsvar med reglane i yrkestransportlova og forskrift om yrkestransport finn fylkesdirektøren å kunne fatta fylgjande

**vedtak**

Med heimel i yrkestransportlova § 9 jf. Forskrift om yrkestransport §§ 6-8 og §§ 43-44 finn fylkesdirektøren å kunne tildela drosjeløyve:

- 1. R- 639 til Mohammed Hassan Alami**
- 2. R- 649 til Salem Mahdi Saleh**
- 3. R- 689 til Mladen Talpigov**
- 4. R- 764 til Zhivko Y. Zhechev**

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Gerd Eva Napsøy  
spesialkonsulent

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesdirektøren, 23.01.2017****1 Samandrag**

Ved denne tildelinga er det 4 ledige drosjeløyve. I fylgje regelverket skal løyve tildelast den som har lengst ansiennitet. Tildelinga av drosjeløyve 23.01.2017 vert gjort på bakgrunn av ansiennitetsvedtak av 14.09.2016.

**2. Lovheimel**

Det følgjer av yrkestransportlova § 4, 2. ledd at ledig drosjeløyve skal tildelast den som har

1. god vandel
2. tilfredsstillande økonomisk evne og
3. tilstrekkeleg fagleg kompetanse.

Desse krava må oppfyllest før løyve kan tildelast. Desse basiskrava er kumulative, det vil seie at alle må vere oppfylt før løyve kan tildelast. Desse krava gjeld uavhengig av lengda på ansienniteten. Fylkesdirektøren har ikkje heimel til å gjere unntak frå desse reglane.

Er det fleire som oppfyller desse krava gjeld ansiennitetsprinsippet i forskrifta § 43, slik at det då vil vere lengda på den einskilde søkjaren sin ansiennitet som er avgjerande for tildeling av løyve.

**God vandel** skal ifølgje forskrifta § 6 dokumenterast med politiattest. Ny vandelsvurdering vert gjort kvart tredje år.

**Tilfredsstillande økonomisk evne** inneber at søkjar skal leggja fram attest frå kemner/kommunekasserar, attest frå Konkursregisteret og garanti frå bank eller finansieringsinstitusjon.

**Tilstrekkeleg fagleg kompetanse** inneber i følgje forskrifta § 8 at søkjaren må leggja fram vitnemål frå det obligatoriske drosjeløyvekurset.

**3. Fylkesdirektør samferdsel si vurdering**

**Mohammed Hassan Alami** har fått godkjend ei samla ansiennitet på 3 år, 5 månader og 5 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Mohammed Hassan Alami har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-639 til Mohammed Hassan Alami.

**Salem Mahdi Saleh** har fått godkjend ei samla ansiennitet på 3 år, 5 månader og 2 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Salem Mahdi Saleh har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-649 til Salem Mahdi Saleh.

**Mladen Talpigov** har fått godkjend ei samla ansiennitet på 3 år, 4 månader og 24 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Mladen Talpigov har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-689 til Mladen Talpigov.

**Zhivko Y. Zhechev** har fått godkjend ei samla ansiennitet på 3 år, 4 månader og 7 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Zhivko Y. Zhechev har lagt fram tilfredsstillande attest

frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-764 til Zhivko Y. Zhechev.

Det skal vere sett bil i drift på drosjeløyva innan **23. april 2017**